



NVE

SYGNIR AS
Røysavegen 1
6893 VIK I SOGN

Vår dato: 11.03.2026
Vår ref.: 202515816-4 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

NVE gjev samtykke til ekspropriasjon i samband med nettilknytning for Offerdal kraftverk

NVE viser til søknad av 1.7.2025, der Sygnir AS søker om løyve til ekspropriasjon i forbindelse med endra tilknytning av Offerdal kraftverk til nettet.

NVE har, etter ei samla vurdering, funne at dei samfunnsmessige fordelane som vert vunne ved anlegget omhandla nedanfor, utan tvil er i overvekt i høve til skader og ulemper som vert påført andre. For nærare grunngjeving for vedtaket syner NVE til notatet «Grunngjeving for vedtak» av i dag.

Med heimel i lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959, § 2 nr. 19 (Varmekraftverk, vindkraftverk, kraftliner, transformatorstasjonar og andre elektriske anlegg.), og myndigheit gjeve ved kgl. res. 05.11.1982, gjev NVE med dette Sygnir AS løyve til å krevje avstått i Årdal kommune i Vestland fylke nødvendig grunn og rettar for bygging og drift av ein om lag 7 km sjø- og jordkabel.

Løyvet gjev rett til ekspropriasjon av bruksrett for følgjande areal:

- Kraftleidningsgata. Naudsynt areal for framføring av kraftleidningen. Klausuleringsbeltet utgjør normalt ein om lag 8 meter brei trasé.
- Naudsynt tilkomst, ferdsel og transport. Dette gjeld mellom anna rett til tilkomst, ferdsel og transport av utstyr, materiell og mannskap på eksisterande privat veg mellom offentleg veg og leidningsanlegg, i terrenget mellom offentleg eller privat veg fram til leidningsanlegga og terrengtransport i leidningstraseen. Bruksretten gjeld òg for uttransportering av tømmer som vert hogd i traseen, naudsynt transport som følgje av riving av eksisterande leidningar og uttransportering av gammalt materiell. Bruksretten gjeld òg landing med helikopter.
- Riggplassar. Rett til å etablere/byggje riggplassar. Bruksretten til riggplassar fell bort når anlegget er sett i drift. Rett til å bruke eksisterande riggplassar.

Plassering av inngrepa skal i det vesentlege vere som beskrive i vedlagte notat *Grunngjeving for vedtak*, eller slik det kjem fram av fig.1.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Løyvet gjev rett til ekspropriasjon av bruksrett for areal på følgjande eigedomar:

Gardsnr	Bruksnummer
2	6
2	5
2	7
2	7
2	1
2	30



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 5-1. Konsesjonsgitt trase er vist med stipla sort linje mens omsøkt endring er vist med heltrukken sort linje.

Figur 1. Endringer i kabeltrase Offerdal – sjøkabel og jordkabel. Multiconsult (10266123-01-TVF-RAP-002. 30. juni 2025)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering av grunneigarar/rettshavarar

NVE føreset at Sygnir AS forsøker å kome fram til minnelege ordningar med grunneigarar/rettshavarar som vert råka. Det er ein føresetnad at de gjev melding til grunneigarane/rettshavarane om oreigningsløyvet, jf. forvaltningslova kap. V.

Vi ber om at Sygnir sender kopi av dette løyvet til grunneigarar og rettshavarar som vert råka. Dersom nokon av dei nemnde mottakarane er representert ved fullmektig, skal òg fullmektigen få tilsendt brevet, jf. forvaltningslova § 12. Ei stadfesting av at orienteringa er sendt og dato for oversendinga skal sendast til NVE.

Denne avgjerda kan klagast på, sjå vedlegg om klageetilgang. Eventuelle klager vil bli sendt dykk til uttale før saka vert lagt fram for Energidepartementet.

Ekspropriasjonsløyvet fell vekk dersom det ikkje er sett fram krav om skjøn innan eitt år frå endeleg vedtak, jf. Oreigningslova § 16.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarleg

Ingrid Myrtveit
seksjonsleiar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

SYGNIR AS

Kopimottakarliste:

STATENS VEGVESEN
STATNETT SF
ÅRDAL KOMMUNE
Kystverket
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
SOGNEKRAFT AS
HANS-RAGNAR SKOGLI
Greg Huetinck

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.